

# Foreldreinfo mars 2024

## FAU/SU/SMU



Siste møte i FAU for skuleåret var 04.03.24. De finn referatet på [heimesida](#).

Minner om **årsmøte i skulane**. Trond Svanøe kjem og snakkar om korleis du som forelder kan vera til stades i barnet sitt digitale liv. Vel møtt på Bjerkreim skule 30.april kl 19.00!

I mars er det tradisjonar både med heimskule samtalar og skidagar. Me håper de har opplevd gode og konstruktive samtalar med oss som arbeider på skulen. Legg med litt bilete frå turane mellomtrinnet og ungdomstrinnet har hatt til Stavtjørn. Her trivst både store og små i lag. Småskulen fekk hatt sin skidag i nærmiljøet i år, og hadde ein nydeleg dag i løypene ved stadion.

Ha ein flott påskeferie om du skal slappa av, vera i hagen, sova i sauhuset, golfa eller reisa! Skulen startar opp att tysdag 2.april.

Mvh

*Svanhild Gjødrem*

rektor

